

Eksamen

1. juni 2016

TRL2002

Transport og logistikk

Programområde: Transport og logistikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. Elektroniske vegkart kan nyttast.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	
Informasjon om vurderinga	Vurderinga vil byggje på kandidaten sin kjennskap til sentrale lover og forskrifter, transportøkonomi, og det som oppgåveteksten spør etter.
Andre opplysningar	

Innleiing

God planlegging er viktig for at eit transportoppdrag skal lukkast. Eit transportoppdrag er underlagt mange lover og forskrifter. Transporten kan bli stoppa undervegs for kontroll av myndigheitene. Dersom ein ikkje har fylgt regelverket kan transporten bli stoppa eller forseinka. Difor er det viktig at alle som er involverte i dei ulike ledda, har rett kunnskap og kjenner til regelverket.

Transportbransjen har små marginar, og difor det viktig at ein alltid har fokus på økonomi under kvart oppdrag.

Oppgåve

Transportplanlegging

Du skal planlegge ein tur frå Kristiansand til Molde. Det er transport av ein jernkonstruksjon som veg 15 tonn. Kolliet er 13m langt, 2,4m breitt, og 2,9m høgt.

- a) Kva for materiell vil du nytte til denne transporten?
- b) Kva for lasteteknikk vil du nytte?
- c) Korleis skal dette kolliet sikrast? (teikn gjerne ei skisse i tillegg, som syner korleis du sikrar)
- d) Beskriv kva for lover og forskrifter som gjeld for denne transporten?
- e) Kva for dokument skal vere med denne transporten?
- f) Kva for kompetansekrav gjeld for sjåføren?
- g) Kva for økonomiske forhold må du tenke på til denne turen?

Grunngje vala dine. Ta med hovudregelen og formålet for dei lover og forskrifter som du nemner i svara dine.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. Elektroniske veikart kan benyttes
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	
Informasjon om vurderingen	Vurderingen vil bygge på kandidaten sin kjennskap til sentrale lover og forskrifter, transportøkonomi, og det som oppgaveteksten spør etter.
Andre opplysninger	

Innledning

God planlegging er viktig for at et transportoppdrag skal lykkes. Et transportoppdrag er underlagt mange lover og forskrifter. Transporten kan bli stoppet underveis for kontroll av myndighetene. Dersom en ikke har fulgt regelverket kan transporten bli stoppet eller forsinket. Derfor er det viktig at alle som er involvert i de ulike leddene, har rett kunnskap og kjenner til regelverket.

Transportbransjen har små marginer, og derfor er det viktig at en alltid har fokus på økonomi under alle oppdrag.




Oppgave

Transportplanlegging

Du skal planlegge en tur fra Kristiansand til Molde. Det er transport av en jernkonstruksjon som veier 15 tonn. Kolliet er 13m langt, 2,4m bredt, og 2,9m høyt.

- a) Hva slags materiell vil du benytte til denne transporten?
- b) Hvilken lasteteknikk vil du bruke?
- c) Hvordan skal dette kolliet sikres? (lag en skisse i tillegg, som viser hvordan du sikrer)
- d) Beskriv hvilke lover og forskrifter som gjelder for denne transporten?
- e) Hvilke dokumenter skal være med denne transporten?
- f) Hvilke kompetansekrav gjelder for sjåføren?
- g) Hvilke økonomiske forhold må du tenke på til denne turen?

Begrunn de valgene du tar. Ta også med hovedregelen og formålet for de lovene og forskriftene som du nevner i svarene dine.



www.vigoiks.no/eksamen